

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •MNAL •RIF

Ørsta 10.09.2019

Mørenytt

Vi ber om at vedlagde annonse vert teken inn i avisa Dykkar ein gong over 2 spalter LAURDAG 14.09.2019. Annonseteksta er teksta mellom dei stipla linene.

Kartutsnitt skal tilpassast 2 spaltebreidde.


VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova vert det med dette kunngjort at følgjande privat reguleringsarbeid vert sett i gong:

«DETALJREGULERINGSPLAN FOR GREVSNESET» (GNR. 31, BNR. 1 OG 7) I VOLDA KOMMUNE; VARSEL OM IGANGSETTING AV PRIVAT PLANARBEID (PBL § 12-3)

Hovudføremålet med planarbeidet er å få godkjent ein reguleringsplan som gjev løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Vidare skal eit nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returasfalt og returbetong inngå. Det visast til pågåande kommuneplanarbeid og til Fylkesmannen sitt vedtak med løyve til mottak og mellomagring og knusing av returasfalt av 30.04.2018. Detaljar kring etterbruken av arealet fastsetjast under planprosessen.

Planområdet er på om lag 133 daa, og omfattar eigedomane gnr. 31 bnr.1 og 7. Br.nr 7 gjeld den gamle Austefjordvegen som grensar til eigedomen bnr. 1. I kva omfang bnr. 7 vil inngå i endeleg planframlegg avklarast under planprosessen.



Plangrense

AG Plan og Arkitektur AS

Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no

firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841

Org.nr: 884 182 042 MVA

- Side 2

Tiltakshavarar er Jmc Holding AS (for eigar av gnr. 31 bnr.1), kontaktperson er Cato Aurstad. Utførande konsulent er AG Plan og Arkitektur AS, kontaktperson er Kåre Gjengedal.

Grunneigarar, off. mynde og organisasjonar vert varsla i eige skriv. Varslingsdokumenta er tilgjengelege på kommunen si nettside www.volda.kommune.no.

Innspel til reguleringsarbeidet skal vere skriftlege og sendast til



AG Plan og Arkitektur AS

Adresse: firmapost@agplan.no eller Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA innan **29.10.2019**. E-post (ev skriv) skal vere merka: «Detaljreguleringsplan for Grevsneset»

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA. Tlf: 95 13 89 22

Vedlagt følger også kartutsnittet i pdf format.

Vi ber til slutt om at faktura for annonsen vert sendt direkte til:

Aurstad Tunnel AS
Torvmyrane 31
6160 Hovdebygda

Med vennleg helsing

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar RIF